

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 03.11.2011, kl.14.00

Møtestad: formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Anita Søvik, Ole Bjørn Roald

=5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom fram merknader til innkallinga som gjekk på feil postadressering til medlemmar av det nye kontrollutvalet. Adressene vart gjennomgått og retta opp. Det kom ikkje fram merknader til saklista.

SAK 26/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 05.09.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 05.09.2011 blir godkjent.

SAK 27/11

**ORIENTERINGSKAK OM ROLLER I KOMMUNEN MED HOVUDVEKT PÅ
KONTROLLUTVAL, REVISJON OG RÅDMANN**

Orientering gitt av dagleg leiar for kontrollutvalsekretariatet og dagleg leiar for kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 28/11
EVENTUEL MØTEPLAN

Temaet vart drøfta, datoar vart ikkje fastsett, men det vart fastsett nokre retningsliner om avvikling av møta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

- Møta blir haldne på kommunehuset
- Møta blir fortrinnsvis avvikla på torsdagar
- Klokkeslett for møtestart blir kl. 14.00
- Tidsramme ca 2 timar
- Plan for forvaltningsrevisjon blir å behandle i mars 2012

29/11
MULIG TEMA FOR KONTROLLUTVALET

Tema som kontrollutvalet kunne sjå nærare på framover vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil i starten prioritere følgjande tema:

- Avtale om driftstilskot til veterinærteneste mellom Sykkylven kommune og Storfjord veterinærservice AS
- Teneste for ungdom, helsestasjon
- Rapportar frå AMU vedkomande skolar
- Byggesaksadministrasjon
- Få seg førelagt ei orientering om Robekregisteret

SAK 30/11
2. TERTIALRAPPORT 2011 SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.11.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det blir vist til § 10 i budsjettforskriftene. Ut i frå dette bør tap/vinst ved swapsjonar leggst inn i talgrunnlaget i tertialrapporteringa.
2. Kontrollutvalet stiller seg undrande til formuleringane i rapporten om to underskot og utgiftsføringar av tap på swapsjonar mot seinare inntektsføring.
3. Kontrollutvalet tek forøvrig tertialrapport 2. tertial til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Mølseth
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)